

---

## Referat styremøte 03/2011

### Møre & Romsdal Gjeterhundlag - MRGL

---

Møtet fann stad den 19.12.2011 i lokala til MIX på Sjøholt.

Følgjande møtte:

- ✓ Odd Bjarne Bjørdal
  - ✓ Vidar Sunde
  - ✓ Nils Edmund Stråmyr
  - ✓ Kristine Punde Naastad
- 

#### SAKER:

SAK 01; Årsmøte 2012

Styret arbeidde med å førebu årsmøtet 2012.

Syner elles til vedtekter for Møre og Romsdal Gjeterhundlag på

[www.mrgl.no/Vedtekter\\_MRGL.html](http://www.mrgl.no/Vedtekter_MRGL.html)

Vedtak: MRGL skal ha sitt årsmøte på Systra kafe, Sjøholt laurdag den 11.02.2012 kl 11.00.

Innkalling med sakliste, årsmelding, rekneskap, framlegg til arbeidsplan og budsjett, godtgjersle til tillitsvalde samt valnemnda si tilråding skal vere medlemmane i hende seinast 10 dagar før årsmøtet. Saker som medlemmane ynskjer handsama på årsmøtet må vere styret i hende innan 20. januar. Lokallaga sine mellombelse aktivitetsplanar må og sendast styret i MRGL innan 20. januar slik at desse kan kome med i framlegget til arbeidsplan på årsmøtet. Valnemnda ved leiar skal og kontaktast slik at dei får starte på sitt arbeid.

SAK 02/ Arbeidsplan m.m.

Styret diskuterte utkast til ein mogleg arbeidsplan for det komande året.

Vedtak: Styret i MRGL legg fram følgjande framlegg til årsmøtet i MRGL:

-Betaling for prøver skal skje på førehand.

-Det vert fire kvalifiseringsprøver for NM i bruk av gjeterhund:

-Distriktsprøve i Batnfjorden 19.08.2012. Arr. NRG

-Norgesserieprøver(?) på Sæbø eller i Follestaddalen 22.09.2012 og 23.09.2012 Arr. MRGL

-Fylkesmeisterskap.....30.09.2012. Arr. ISG?

SAK 03; Konkurranskurs

Vedtak: Leiar tek snarast kontakt med aktuell kurshaldar for å få til eit konkurransekurs med spesiell vekt på sortering og dobbelhenting.

SAK 04; Unghundcup

Vedtak: Beste unghund under 3 år i vår kvalifisering til NM er vinnar av unghundcupen i Møre og Romsdal. Nummer 1, 2 og 3 vert premiært.

---

SAK 05/2011; Profileringsklede

Andor Bjørke har utarbeidd framlegg til logo. Ein av desse vil det vere aktuelt å arbeide vidare med.

Vedtak: Leiaren arbeider vidare med saka, også med tanke på å få inn ein sponsor på kledda.

Styremøtet blei etter dette avslutta kl. 20.00

Sjøholt, 19.12.2011  
Odd Bjarne Bjørdal,  
Kristine P. Naastad,  
Vidar Sunde,  
Nils Edmund Stråmyr

---